

**Utval:** **Fylkestinget – ekstra møte**  
**Møtestad:** Radisson Blu Royal hotel, Bryggen  
**Dato:** 03.02.2017  
**Tidspunkt:** 13.00-17.25

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Navn                           | Funksjon                 | Representerer |
|--------------------------------|--------------------------|---------------|
| Siri Klokkerstuen              | Medlem                   | A             |
| Rasmus Laupsa Rasmussen        | Medlem                   | A             |
| Kari Sørensen Bernardini       | Medlem                   | A             |
| Atle Kvåle                     | Medlem                   | A             |
| Mari Klokkerstuen Kjellesvik   | Medlem                   | A             |
| Emil Lennart Pålakkoff Gadolin | Medlem                   | A             |
| Kine Bratli Dale               | Medlem                   | A             |
| Helge Nævdal                   | Medlem                   | A             |
| Synnøve Solbakken              | Medlem                   | A             |
| Espen Berntsen                 | Medlem                   | A             |
| Linda Haugland Jondahl         | Medlem                   | A             |
| Roald Kvamme                   | Fung. fylkesvaraordførar | A             |
| Katrin Innvær Ankervold        | Medlem                   | A             |
| Per Lerøy                      | Medlem                   | A             |
| Åse Gunn Husebø                | Medlem                   | A             |
| Kjell Gitton Håland            | Medlem                   | A             |
| Kjetil Hestad                  | Medlem                   | A             |
| Gro Berge                      | Medlem                   | A             |
| Silje Hjemdal                  | Medlem                   | Frp           |
| Roald Stenseide                | Medlem                   | Frp           |
| Sigbjørn Framnes               | Medlem                   | Frp           |
| Gustav Bahus                   | Medlem                   | Frp           |
| Gunnar Bakke                   | Medlem                   | Frp           |
| Renate Møgster Klepsvik        | Medlem                   | Frp           |
| Mona Louise Røsvik Strømme     | Medlem                   | H             |
| Silja Ekeland Bjørkly          | Medlem                   | H             |
| Nils Marton Aadland            | Medlem                   | H             |
| Inge Reidar Kallevåg           | Medlem                   | H             |
| Stein Inge Ryssdal             | Medlem                   | H             |
| Ragnhild Hus Fagerbakke        | Medlem                   | H             |
| Olav Kvinge                    | Medlem                   | H             |
| Iril Kirstine Schau Johansen   | Medlem                   | H             |
| Christer Lilleskare Olsen      | Medlem                   | H             |
| Svein Kolbein Halleraker       | Medlem                   | H             |
| May Eva Sandvik                | Medlem                   | H             |
| John Helge Gullaksen           | Medlem                   | H             |
| Astrid Aarhus Byrknes          | Medlem                   | KrF           |
| Pål Kårbo                      | Fung. fylkesordførar     | KrF           |
| Beate Husa                     | Medlem                   | KrF           |
| Tor André Ljosland             | Medlem                   | KrF           |
| Tom Sverre Tomren              | Medlem                   | MDG           |
| Natalie Antonia Golis          | Medlem                   | MDG           |
| Øyvind Strømmen                | Medlem                   | MDG           |
| Terje Kollbotn                 | Medlem                   | Rødt          |
| Nils T Bjørke                  | Medlem                   | Sp            |
| Benthe Enes Bondhus            | Medlem                   | Sp            |

|                        |        |    |
|------------------------|--------|----|
| Jon Askeland           | Medlem | Sp |
| Sara Hamre Sekkingstad | Medlem | Sp |
| Aud Karin Oen          | Medlem | SV |
| Anne Beth Njærheim     | Medlem | V  |
| Geir Kjell Andersland  | Medlem | V  |
| Geir Angeltveit        | Medlem | V  |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Navn                    | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------|---------------|
| Anne Gine Hestetun      |          | A             |
| Gunn Berit Lunde Aarvik | Medlem   | A             |
| Terje Søviknes          | Medlem   | Frp           |
| Marthe Hammer           | Medlem   | SV            |
| Daniel Charles Hextall  | Medlem   | SV            |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn                | Møtte for               | Representerer |
|---------------------|-------------------------|---------------|
| Øyvind Hardeland    | Anne Gine Hestetun      | A             |
| Torgeir Toppe       | Gunn Berit Lunde Aarvik | A             |
| Rosalind Fosse      | Terje Søviknes          | Frp           |
| Einar Horvei        | Marthe Hammer           | SV            |
| Bror Eivind Eriksen | Daniel Charles Hextall  | SV            |
| Inger Ulvund        | Gustav Bahus            | Frp           |

Frå kl. 14.15

**Frå administrasjonen møtte:**

| Navn                    | Stilling                                |
|-------------------------|---|
| Rune Haugsdal           | Fylkesrådmann                           |
| Svein Hegghem           | Fylkesdirektør opplæring                |
| Nils Vetlesand          | Seksjonssjef, økonomi- og org.avdelinga |
| Thorbjørn Aarethun      | Seksjonsleiar, samferdselsavdelinga     |
| Per Morten Ekerhovd     | Kst. fylkesdirektør kultur og idrett    |
| Mette Nora Sætre        | Næringssjef, regionalavdelinga          |
| Arne Åsan               | Fylkestannlege                          |
| Janne Værnø             | Kommunikasjonsdirektør                  |
| Hilde Joranger Mæland   | Leiar kommunikasjonseininga             |
| Stanley Hauge           | Informasjonssjef                        |
| Merethe Helland Nordnæs | Seniorrådgjevar fylkessekretariatet     |
| Anita Fjellheim         | Spesialkonsulent fylkessekretariatet    |
| Gro Stien Thorvaldsen   | Seniorrådgjevar fylkessekretariatet     |

Pål Kårbø

Gunnar Bakke

Sara Hamre Sekkingstad

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald  | Arkiv-saknr | U.Off. |
|--------------|--|-------------|--------|
| PS 1/17      | Godkjenning av møteinkalling   |             |        |
| PS 2/17      | Regionreforma - intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane                    | 2015/1434   |        |
| PS 3/17      | Søknad om permisjon frå verv   | 2016/402    |        |
| PS 4/17      | Ymse   |             |        |
| PS 5/17      | Godtgjersle til fylkesordførar i sjukemeldingsperioden   | 2017/711    |        |
| PS 6/17      | Søknad om mellombels fritak frå verv som fylkesordførar - Val av ny midlertidig fylkesvaraordførar | 2017/732    |        |
| PS 7/17      | Val av vararepresentant til forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten                      | 2017/732    |        |

## PS 1/17 Godkjenning av møteinkalling

### Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017

#### Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## PS 2/17 Regionreforma - intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 1.1.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringer om overføring av nye statlege oppgaver og ansvarsområder i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av tilsvarande vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017**

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativt forslag til punkt 2:  
Fylkesutvalet tar forhandlingsresultatet til orientering.

Punkt 3 utgår.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av (Frp, H og V) fram slik protokollmerknad:

«Intensjonsplanen tas i fylkesutvalget til orientering. Begrunnelsen for dette er at partiene mener det er store betenkigheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger. Dette gjelder spesielt pkt. 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Partiene mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region, må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Partiene vil i tiden frem mot fylkestinget 3 februar diskutere intensjonsplanen i sine partigrupper.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

Endring i punkt 2 (endringane er uteha):

«Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområder i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av **at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført** og tilsvarende vedtak **gjort** i fylkestinget i Sogn og Fjordane.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slik forslag (a):

«Nytt punkt:

Fylkestinget ynskjer følgande justering av avtalen på punkt Hovudmål 4 (Strategisk infrastrukturbygging «Vestlandsregionen skal sikre ein framtidsretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband), første delmål til

«- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar og økologisk berekraft mellom vekstkraftige senter og omlandet betre. Realisering av utsleppsfree og Co2-nøytral ferjeflåte på Vestlandet er viktig. Det er også viktig at det blir utvikla jernbanestrutturar aust-vest som forkortar reisetida. I tillegg til dette er det også viktig at dei hovudvegkorridorane som vert valde aust-vest dekkjer regionen samla best mogleg.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Hordaland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i vestlandsfylka i samband med stortingsvalet 2017 før slutthandsaming i fylkestinga.
3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

**Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag (b):**

«Nytt punkt:  
Formuleringsa om namn og logo vert erstatta av "Det vert lyst ut ein namne- og logokonkurranse før ein tek avgjerd om namn og logo på den nye regionen."

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).

Hjemdal sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 2 fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (H, Frp, V, SV).

Tomren sitt forslag (a) fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Tomren sitt forslag (b) fekk 1 røyst (MDG) og fall.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarande vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.
3. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

### **Protokollmerknad frå Frp, H og V**

Intensjonsplanen tas i fylkesutvalget til orientering. Begrunnelsen for dette er at partiene mener det er store betenkigheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger. Dette gjelder spesielt pkt. 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Partiene mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region, må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Partiene vil i tiden frem mot fylkestinget 3 februar diskutere intensjonsplanen i sine partigrupper.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017**

**Nils Marton Aadland (H)** sette på vegner av H og Frp fram slik protokollmerknad:

«Høyre og Frp mener det er store betenkigheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger.

Dette gjelder spesielt punkt 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Høyre og Frp mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Høyre og Frp mener også at det ved en sammenslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, blir vanskeligere å danne en fremtidig attraktiv Vestlandsregion sammen med Rogaland, noe som er partienes primære ønske.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag (a):

«Ordet «primært» strykes fra punkt 1, siste setning.

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag (b):

Alternativt forslag

Tillegg til punkt 1:

Fylkestinget mener det er avgjørende at Hordaland og Rogaland er en del av den nye Vestlandsregionen.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette på vegner av Sp, A og KrF fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
3. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarende vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
5. Hordaland fylkesting legg til grunn at fondsmidlane omtala i punkt 7 bør brukast til fylkeskommunale/regionale investerings- og driftsoppgåver innan dagens grenser for Sogn og Fjordane.»

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag (a):

«Alternativ til punkt 2:

2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaring om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen, med unntak av punkt 7 om økonomi som må reforhandlast, som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarende vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og R fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Hordaland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i vestlandsfylka i samband med stortingsvalet 2017 før slutthandsaming i fylkestinga.
3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag (a):

«Nytt siste punkt:

Fylkestinget vedtek å krevja følgande justering av avtalen på punkt Hovudmål 4 slik at teksten «Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkriftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bus- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.

- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekker regionen samla best muleg.»

Vert endra til

«- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar og økologisk berekraft mellom vekstkriftige sentrer og omlandet betre. Realisering av utsleppsfri og Co2-nøytral ferjeflåte på Vestlandet er viktig. Det er også viktig at det blir utvikla jernbanestrutturar aust-vest som forkortar reisetida. I tillegg til dette er det også viktig at dei hovudvegkorridorane som vert valde aust-vest dekkjer regionen samla best mogleg.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt oversendingsforslag til fellesnemnda (b):

«Hordaland fylkesting ber om at fellesnemnda drøftar namneval og logo utan å vere bunden av føringane i intensjonsavtalen. Som ein del av dette ber Hordaland fylkesting om at ein vurderer å lyse ut ein namne- og logokonkurranse for å få fleire innspel og for å skape eit folkeleg engasjement for opprettinga av den nye regionen.»

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag (b):

«Tillegg:

Fylkestinget i Hordaland anbefaler at punkt 7 (økonomi) i intensjonsavtalen vurderes på nytt av fellesnemnden.»

## Røysting

Oen sitt forslag punkt 1 og 3 fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 14 røyster (SV, R, MDG, Frp) og fall.

Hjemdal sitt forslag punkt 1 (a) fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 1 fekk 34 røyster (A, KrF, Sp, V, MDG) og vart vedteke.

Hjemdal sitt forslag punkt 1 (b) fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 2 fekk 38 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

Andersland sitt forslag punkt 2 (a) fekk 3 røyster (V) og fall.

Andersland sitt forslag (b) fekk 22 røyster (V, H, Frp) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 3 fekk 31 røyster (A, KrF, Sp, MDG) og vart vedteke.

Bondhus sitt forslag punkt 4 fekk 34 røyster (A, KrF, Sp, MDG, V) og vart vedteke.

Bondhus sitt forslag punkt 5 fekk 31 røyster (A, KrF, Sp, MDG) og vart vedteke.

Tomren sitt forslag (a) fekk 10 røyster (MDG, SV, R, V) og fall.

Tomren sitt forslag (b) vart med 38 røyster (MDG, A, KrF, Sp, SV, R, V) vedteke oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

## Vedtak

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Hordaland held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
3. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet beståande av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarande vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
5. Hordaland fylkesting legg til grunn at fondsmidlane omtala i punkt 7 bør brukast til fylkeskommunale/regionale investerings- og driftsoppgåver innan dagens grenser for Sogn og Fjordane.

## Protokollmerknad frå Frp og H

Høyre og Frp mener det er store betenkelskaper og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger.

Dette gjelder spesielt punkt 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Høyre og Frp mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Høyre og Frp mener også at det ved en sammenslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, blir vanskeligere å danne en fremtidig attraktiv Vestlandsregion sammen med Rogaland, noe som er partiene primære ønske.

## PS 3/17 Søknad om permisjon frå verv

### Forslag til innstilling

1. Terje Søviknes får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget, fylkesutvalet, valnemnda, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, Vestlandsrådet, medlem i Sparebanken Vest representantskapet, delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet i KS-organ, varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet og varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS i den tida han innehavar verv som statsråd.
2. For den tida Terje Søviknes har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk:
  - b) Medlem i fylkesutvalet:

- c) Medlem i fylkesvalstyret
- d) Medlem i valnemnda
- e) Medlem i administrasjonsutvalet
- f) Medlem i Vestlandsrådet
- g) Medlem i representantskapet i Sparebanken Vest.
- h) Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet
- i) Varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS
- j) Delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet i KS-organ.

#### **Saksprotokoll i valnemnda - 03.02.2017**

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slikt forslag:

- a) «Medlem i fylkestinget etter opprykk: Rosalind Fosse
- b) Medlem i fylkesutvalet: Roald Stenseide
- c) Varamedlem i fylkesutvalet: Rosalind Fosse
- d) Medlem i fylkesvalstyret: Roald Stenseide
- e) Varamedlem i fylkesvalstyret: Rosalind Fosse
- f) Medlem i valnemnda: Silje Hjemdal
- g) Varamedlem i valnemnda: Roald Stenseide
- h) Medlem i administrasjonsutvalet: Silje Hjemdal
- i) Varamedlem i administrasjonsutvalet: Gustav Bahus
- j) Endring i utval for opplæring og helse: Roald Stenseide går ut og Anita Garlid Johannessen går inn som fast medlem
- k) Medlem i Vestlandsrådet: Silje Hjemdal
- l) Varamedlem i Vestlandsrådet: Roald Stenseide
- m) Medlem i representantskapet i Sparebanken Vest: Sigbjørn Framnes
- n) Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: Gustav Bahus
- o) Varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS: Gustav Bahus
- p) Delegat til Landstinget i KS-organ: Silje Hjemdal
- q) Representant til fylkesmøtet i KS-organ: Rosalind Fosse»

#### **Røysting**

Forslaget fra Hjemdal vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Terje Søviknes får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget, fylkesutvalet, valnemnda, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, Vestlandsrådet, medlem i Sparebanken Vest representantskapet, delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet i KS-organ, varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet og varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS i den tida han innehavar verv som statsråd.
2. For den tida Terje Søviknes har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk: Rosalind Fosse
  - b) Medlem i fylkesutvalet: Roald Stenseide
  - c) Varamedlem i fylkesutvalet: Rosalind Fosse
  - d) Medlem i fylkesvalstyret: Roald Stenseide
  - e) Varamedlem i fylkesvalstyret: Rosalind Fosse
  - f) Medlem i valnemnda: Silje Hjemdal
  - g) Varamedlem i valnemnda: Roald Stenseide
  - h) Medlem i administrasjonsutvalet: Silje Hjemdal
  - i) Varamedlem i administrasjonsutvalet: Gustav Bahus
  - j) Endring i utval for opplæring og helse: Roald Stenseide går ut og Anita Garlid Johannessen går inn som fast medlem
  - k) Medlem i Vestlandsrådet: Silje Hjemdal
  - l) Varamedlem i Vestlandsrådet: Roald Stenseide
  - m) Medlem i representantskapet i Sparebanken Vest: Sigbjørn Framnes
  - n) Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: Gustav Bahus
  - o) Varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS: Gustav Bahus
  - p) Delegat til Landstinget i KS-organ: Silje Hjemdal

q) Representant til fylkesmøtet i KS-organ: Rosalind Fosse

### Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017

Fung. fylkesordførar **Pål Kårø (KrF)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han sit styret for Stord Lufthavn. Fung. fylkesordførar gjekk frå og fung. fylkesvararordførar Roald Kvamme leidde møtet medan spørsmålet om Kårø var inhabil vart drøfta

Fylkestinget vedtok samrøystes at Pål Kårø var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 56 representantar til stades.

Fung. fylkesvaraordførar **Roald Kvamme (A)** leidde møtet.

#### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

1. Terje Søviknes får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget, fylkesutvalet, valnemnda, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, Vestlandsrådet, medlem i Sparebanken Vest representantskapet, delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet i KS-organ, varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet og varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS i den tida han innehar verv som statsråd.
2. For den tida Terje Søviknes har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk: Rosalind Fosse
  - b) Medlem i fylkesutvalet: Roald Stenseide
  - c) Varamedlem i fylkesutvalet: Rosalind Fosse
  - d) Medlem i fylkesvalstyret: Roald Stenseide
  - e) Varamedlem i fylkesvalstyret: Rosalind Fosse
  - f) Medlem i valnemnda: Silje Hjemdal
  - g) Varamedlem i valnemnda: Roald Stenseide
  - h) Medlem i administrasjonsutvalet: Silje Hjemdal
  - i) Varamedlem i administrasjonsutvalet: Gustav Bahus
  - j) Endring i utval for opplæring og helse: Roald Stenseide går ut og Anita Garlid Johannessen går inn som fast medlem
  - k) Medlem i Vestlandsrådet: Silje Hjemdal
  - l) Varamedlem i Vestlandsrådet: Roald Stenseide
  - m) Medlem i representantskapet i Sparebanken Vest: Sigbjørn Framnes
  - n) Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: Gustav Bahus
  - o) Varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS: Gustav Bahus
  - p) Delegat til Landstinget i KS-organ: Silje Hjemdal
  - q) Representant til fylkesmøtet i KS-organ: Rosalind Fosse

### PS 4/17 Ymse

#### Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017

#### SAKSBEHANDLING

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 5/17, 6/17, 3/17, 7/17, 2/17.

#### OPNING AV FYLKESTINGET

Til å skriva under møteboka saman med fung. fylkesordførar vart Gunnar Bakke (Frp) og Sara Hamre Sekkingstad (Sp) valde.

Fung. fylkesordførar gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fung. fylkesordførar og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

# **PS 5/17 Godtgjersle til fylkesordførar i sjukemeldingsperioden**

## **Forslag til innstilling**

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjener fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekker differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

## **Innstilling til fylkestinget**

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjener fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekker differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017**

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga punkt 2:

I tillegg ber fylkestinget om ei klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanfor fylket, men bustad i Hordaland.»

## **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjener fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekker differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

I tillegg ber fylkestinget om ei klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanfor fylket, men bustad i Hordaland.

## **PS 6/17 Søknad om mellombels fritak frå verv som fylkesordførar - Val av ny midlertidig fylkesvaraordførar**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun får etter søknad, midlertidig fritak frå verv som fylkesordførar i den tida ho er sjukemeldt.
2. For den tida fylkesvaraordførar Pål Kårbo er fylkesordførar vert det gjort slikt val av midlertidig ny fylkesvaraordførar:

### **Saksprotokoll i valnemnda - 03.02.2017**

**Benthe Bondhus (Sp)** gjorde framlegg om Roald Kvamme (A) som mellombels fylkesvaraordførar.

#### **Røysting**

Forslaget frå Bondhus vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun får etter søknad mellombels fritak frå verv som fylkesordførar i den tida ho er sjukemeldt.
2. For den tida fylkesvaraordførar Pål Kårbo er fylkesordførar vert det gjort slikt val av mellombels ny fylkesvaraordførar: Roald Kvamme (A)

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun får etter søknad mellombels fritak frå verv som fylkesordførar i den tida ho er sjukemeldt.
2. For den tida fylkesvaraordførar Pål Kårbo er fylkesordførar vert det gjort slikt val av mellombels ny fylkesvaraordførar: Roald Kvamme (A)

## **PS 7/17 Val av vararepresentant til forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten**

### **Forslag til innstilling**

- a) Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for opposisjonsleiar til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten:
- b) Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for leiar av utval for miljø og samferdsel, til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten:

### **Saksprotokoll i valnemnda - 03.02.2017**

**Mona Røsvik Strømme (H)** gjorde framlegg om Silja Ekeland Bjørkly (H) som vararepresentant for opposisjonsleiar til forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen.

**Benthe Bondhus (Sp)** gjorde framlegg om Marthe Hammer (SV) som vararepresentant for leiar av utval for miljø og samferdsel til forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen.

#### **Røysting**

Forsлага frå Strømme og Bondhus vart samrøystes vedtekne som innstilling til fylkestinget.

## **Innstilling til fylkestinget**

- a) Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for opposisjonsleiar til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten: Silja Ekeland Bjørkly (H)
- b) Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for leiar av utval for miljø og samferdsel, til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten: Marthe Hammer (SV)

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

- a) Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for opposisjonsleiar til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten: Silja Ekeland Bjørkly (H)
- b) Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for leiar av utval for miljø og samferdsel, til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten: Marthe Hammer (SV)